

Kva kvinner er kvinnedagen til for?

Det er kvinner i dei øvre sjikta som får merksemd. Den kvardagslege kvinna sit sjeldan ved bordet når feministane benkjast 8. mars.

Neste veke er det kvinnedag att, og mykje er endra sidan den fyrste markeringa. Ho gjekk føre seg i Chicago i 1908, og målsetjinga var å betra tilhøva for kvinnelege arbeidrarar. Kvinnedagen hadde ein tydeleg sosial profil, og slik var det i tiåra som fylgde, både i USA og andre vestlege land. Men seinare vart hardhendt ideologi viktigare enn solidaritet, og sidan syttitalet har kvinnerørsla vore splitta. At dei sosiale aspekta bortimot forsvann, hang saman med den nye individualiseringa som til tider likna meir på narsissisme enn frigjering. Mange store mål vart nådde i det førre hundreåret, og det pionerane skal ærast for, er at dei synte omsut for dei som var dårlegare stilte enn dei sjølve.

Øvre sjikt dominerer

Det finst høge og låge i den kvinnelege delen av folket i dag òg. Men no er det snarare kvinner i dei øvre sjikta som får merksemd. Difor vert det spanande å sjå kven ein vil solidariserast seg med i år. Eg reknar med at innvandrarkvinner får eit handslag, men eg er redd det ålmenne, sosiale perspektivet kjem til å vanta. Det er ikkje så *hot* å gjera seg til talerøyr for reinhaldarar som for omskorne. Det er ikkje like *hot* å flagga for heimehjelparar som det er å invitera til *ladyfest* og *fittepreik*, som ein gjorde på åttande mars i fjor. Det har vorte viktig for kvinnesaka å gjera henne *sexy*. Nett dét skal ha vore grunnen til at ein tidlegare likestillingsdirektør lét seg fotografera i bh-en då ho vart tilsett. Eg har sans for humor, men han bør ha to lag, skal han råka.

Den kvardagslege kvinna sit sjeldan ved bordet når feministane benkjast 8. mars. Men det er ikkje sikkert at grunnen til fråværet er likesæle og mangel på medvit. Det kan vera det har med perspektiva og språket i dei leiande krinsane å gjera. Kan henda reagerer ein på den kulturelle stilen. Det er nok mange kvinner som ikkje kjenner seg heime i den, og som heller dreg filla over golvet den dagen.

Depresjonar

Eg skriv denne kommentaren medan eg er i USA, der kvinnedagen vart innstifta. Førre veka la det amerikanske psykologforbundet fram ein rapport. Den handlar om dei seksualiserte bileta av jenter og kvinner i media. Til dei reknar ein fjernsyn og trykkpresse, musikkvideoar og songtekstar, filmar, videospel og Internett. Rapporten munnar ut i ei innstendig åtvaring mot verknadene seksualiseringa har på sjølvbiletet til jentene, og peikar på konsekvensar som depresjonar og avmagring. Dersom ein tek innover seg og verkeleg ser på anorexi som ein kulturell epidemi, held det ikkje berre å handtera problemet individuelt gjennom terapi, og denne gongen er det psykologane sjølve som seier det.

Seksualisering definerer dei som det som går føre seg når det ikkje er andre karakteristika enn *sex appeal* som gjev ein person verdi, og når dette gjer ein til eit objekt som andre kan bruka. Rapporten slær fast at seksualiseringa er tydeleg overalt, og at ho kan bryta ned helsa til ungentene, både når det gjeld evna til å fungera kognitivt, fysisk og mentalt. Seksualiseringa kan jamvel ha øydeleggjande verknad på den seksuelle mogninga. Psykologane bed difor foreldre, skule og helsetilsette gripa inn, og særleg viktig er det å gje jentene opplæring i å vurdere media kritisk.

Flatfylla

Tilhøva er ikkje mykje annleis i Noreg enn dei er her i USA, og komande kvinnedag kan verta eit godt høve til å ta tak i seksualiseringa. No kan vi lyfta fanene for ei humanistisk forståing av kropp og kjønn, slik kvinnesakspionerane ein gong gjorde det for forståinga av arbeid. Eg kan tipsa om ei anna sak det òg er grunn til å gå i tog for, og det er kampen mot flatfylla. Ungjenter rusar seg som gutane, og om kveldane ser bysentra ut som utklekkingsanstaltar for framtidige alkoholikarar. Hadde dagens feministar hatt eit like skarpt blikk for dårlegare stilte som pionerane hadde, kunne kvinnedagen vunne større forståing enn han ofte gjer no. Den som vil visa solidaritet, kan òg velja eit språk som ikkje krenkjer den ein vil stø.

Karin Sveen